



Elevar og instruktørar samla innunder Fjellandsbø. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Det er ikkje mange veker sidan DNT Fjellsport i Bergen hadde ei stor, nasjonal samling med Rabben som base. Men no er gruppa på plass att - med klatrekurs som har Fjellandsbø som base. Ein leir med 11 telt er etablert der.

Kurset starta måndag og blir avslutta i morgon og både instruktørar og elevar har hatt eit fint og utbytterikt opphald.

Kurset har hatt 9 deltakarar, 3 instruktørar og 1 instruktørassistent. Den siste står no på spranget til å bli fullbefaren instruktør.

Fyrste dagen var gjengen i treningsfeltet som er montert innanfor Fjellandsbø. Andre dagen var Vetletindpillaren treningsstad og tredje dagen gjekk turen til Eikedalen, bak Englafjell.. Der er det fleire ruter som som er kartlagde og vil bli omtala i den nye føraren som no er like rundt hjørnet.

Fjorde og femte dagen (i dag) har gjengen vore oppunder Vetletindveggen med instruksjon og trening.

- Hovedpoenget med kurset er rett og slett å læra handverket klatring. Vi øver på alle rutinar og målet er trygg sikring, seier kursleiar Morten Alskog.

Av Ola Matti Mathisen



Fjellsportmiljøet i Uskedalen blir styrka for kvart år. (Foto: Ola Matti Mathisen)